



ÅRSBUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	032/18	06.11.2018
Senior- og Brukarrådet	042/18	12.11.2018
Administrasjonsutvalet	018/18	13.11.2018
Levekår	054/18	14.11.2018
Lokal utvikling	084/18	15.11.2018
Kulturminnenemnd	016/18	15.11.2018
Time formannskap	089/18	20.11.2018
Time kommunestyre	073/18	13.12.2018

Framlegg til vedtak:

1. *Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022.*
2. *Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjettrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2019.*
3. *Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyret som Stortinget vedtek.*
4. *Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:*

	31.12.2018	Nye	Redusert	31.12.2019
Oppvekst	563,1	6,2	-5,0	564,3
Omsorg	376,1	18,1	-4,4	389,8
Samfunn	180,4	1,2	-3,1	178,5
Stabstenester	62,8	0,5		63,3
Årsverk i alt	1 182,4	26,0	-12,5	1 195,9

5. *Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget «Prisar 2019».*
6. a) *Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån på 110,1 millionar kroner i 2019. Avdragstida vert sett til 30 år.*
b) *Rådmannen får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 25 millionar kroner for 2018. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.*
7. a) *Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2019 vert sett av til disposisjonsfond.*
b) *Amortifisert premieavvik for 2018 vert utgiftsført i 2019 og dekt av disposisjonsfondet.*
8. *Time kommune skal stå fram som ein trygg og framtidretta kommune. Service,*

innovasjon og engasjement skal prega organisasjonen slik at kommunen kan tilby tenester med rett kvalitet innanfor trygge økonomiske rammer.

Arbeidsmiljøutvalet

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

AMU-032/18 Vedtak:

Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 vert tatt til orientering.

Senior- og Brukarrådet

Forslag frå **Jarl Martinsen, P:** Symjehall bør prioriterast. Det bør setjast av 5 mill. til eit forprosjekt.

Forslag frå **Odd-Geir Helgeland, FUN:** Økonomiplanen s. 49: Kap. 6.3.3 Tiltak i 2019: Nytt pkt: Kommunal utbygging/rehabilitering: Brukarmedverknad må komma tidleg i planfasen.

Forslaget frå Jarl Martinsen vart samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Odd-Geir Helgeland vart samrøystes vedtatt.

SBR-042/18 Framlegg:

1. *Symjehall bør prioriterast. Det bør setjast av 5 mill. til eit forprosjekt.*
2. *Økonomiplanen s. 49: Kap. 6.3.3 Tiltak i 2019: Nytt pkt: Kommunal utbygging/rehabilitering: Brukarmedverknad må komma tidleg i planfasen.*
3. *Årsbudsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022 vert tatt til orientering.*

Administrasjonsutvalet

Framlegget vart samrøystes tatt til orientering (12 røyster).

ADU-018/18 Framlegg:

Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 vert tatt til orientering.

Levekår

Framlegget vart samrøystes vedtatt tatt til orientering.

LEV-054/18 Framlegg:

Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 vert tatt til orientering.

Lokal utvikling

Framlegget vart samrøystes tatt til orientering.

LOK-084/18 Framlegg:

Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 vert tatt til orientering.

Kulturminnenemnd

Forslag frå **kulturminnenemnda:**

Kulturminnenemnda meiner at kulturkontoret må styrkjast med 1 rådgjevarstilling for å formidla kulturen vår.

Kyrkjegardane våre har kulturminner og kulturminnenemnda finn det derfor naturleg å vera ein del av dette arbeidet.

Forslag frå kulturminnenemnda vart samrøystes vedtatt.

Framlegget vart samrøystes tatt til orientering.

KUM-016/18 Framlegg:

Kulturminnenemnda meiner at kulturkontoret må styrkjast med 1 rådgjevarstilling for å formidla kulturen vår.

Kyrkjegardane våre har kulturminner og kulturminnenemnda finn det derfor naturleg å vera ein del av dette arbeidet.

Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 vert tatt til orientering.

Time formannskap

Fellesforslag frå H, KrF, FrP, V **v/Andreas Vollsund, H:**

Endring i punkt 5:

Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget «Prisar 2019» med unntak av gebyr for plan og byggesaker som blir auka med 5% istaden for 20%. TK må søke effektivisering, helst i planavdelingen, slik at gebyra over tid kjem på nivå med nabokommunar det er naturleg å samanlikne seg med»

Nytt punkt 9:

Symjehallen blir flytta fram til oppstart i 2021.

Punkt 10:

Gågate blir utsett til 2022.

Punkt 11:

Frøyland IL får rest av kommunalt tilskot lik spelemidlar, 750 000 i 2020 og resterande beløp i 2021.

Punkt 12:

Time kommune innfører halvpris på parkering for elbilar snarast mogleg, men seinast våren 2019. Pengane tek ein frå auka budsjettering på parkering. Oppgradering av parkeringsautomatar skjer ikkje før endeleg sentralt vedtak i 2019.

Punkt 13:

Time kommune aukar støtta til «Alle med» i Rosseland Ballklubb med 100 000. Pengane tek ein frå lønnsreserven.

Fellesforslag frå Ap og Sp v/Lars Enevoldsen, Ap:

Nytt pkt.

Jordmorstillingene opprettholdes på nåværende nivå. Hvis en ikke klarer å få overført ubrukte midler vil vi foreslå at dette tas av lønnsreserven.

Nytt pkt.

Husvert Storstova reduseres til 0,5 årsverk fra 1 årsverk. Disse midlene brukes til å øke midlene som brukes for å subsidiere støtten til foreninger og lag ved leie av Storstova.

Bjarne Undheim ba om gruppemøte som vart halde.

Framlegget med Andreas Vollsund sitt fellesforslag vart samrøystes vedtatt.

Fellesforslaget frå Lars Enevoldsen (jordmorstilling) fekk 3 røyster og falt (2 Ap, Sp).

Fellesforslaget frå Lars Enevoldsen (husvert) fekk 3 røyster og falt (2 Ap, Sp).

FSK-089/18 Framlegg:

1. *Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022 med endringar.*
2. *Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2019.*
3. *Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyret som Stortinget vedtek.*
4. *Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:*

	31.12.2018	Nye	Redusert	31.12.2019
Oppvekst	563,1	6,2	-5,0	564,3
Omsorg	376,1	18,1	-4,4	389,8
Samfunn	180,4	1,2	-3,1	178,5
Stabstenester	62,8	0,5		63,3
Årsverk i alt	1 182,4	26,0	-12,5	1 195,9

5. *Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget "Prisar "2019" med unntak av gebyr for plan og byggesaker som blir auka med 5 % istaden for 20 %. Time kommune må søke effektivisering, helst i planavdelingen, slik at gebyra over tid kjem på nivå med nabokommunar det er naturleg å samanlikne seg med"*
6. a) *Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån på 110,1 millionar kroner i 2019. Avdragstida vert sett til 30 år.*
b) *Rådmannen får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 25 millionar kroner for 2018. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.*
7. a) *Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2019 vert sett av til disposisjonsfond.*
b) *Amortisert premieavvik for 2018 vert utgiftsført i 2019 og dekt av*

disposisjonsfondet.

8. *Time kommune skal stå fram som ein trygg og framtidsretta kommune. Service, innovasjon og engasjement skal prega organisasjonen slik at kommunen kan tilby tenester med rett kvalitet innanfor trygge økonomiske rammer.*
9. *Symjehallen blir flytta fram til oppstart i 2021.*
10. *Gågate blir utsett til 2022.*
11. *Frøyland IL får rest av kommunalt tilskot lik spelemidlar, 750 000 i 2020 og resterande beløp i 2021.*
12. *Time kommune innfører halv pris på parkering for elbilar snarast mogleg, men seinast våren 2019. Pengane tek ein frå auka budsjettering på parkering. Oppgradering av parkeringsautomater skjer ikkje før endeleg sentralt vedtak i 2019.*
13. *Time kommune aukar støtta til "Alle med" i Rosseland Ballklubb med kr 100 000. Pengane tek ein frå lønnsreserven.*

Time kommunestyre

Notat datert 12.12.2018 om konsekvensar av budsjettavtale på Stortinget var sendt ut før møtet.

Fellesforslag frå Sp og Ap **v/Lars Enevoldsen, Ap:**

Budsjetterabatt for foreningar og lag ved leie av Storstova, økes med 100` fra 200 til 300`.
Inndekning skjer ved at en lønnsreserven blir redusert tilsvarende.

Forslag frå **Anne Helen Eide, MdG:**

Time kommunestyre ber om å få lagt fram ei sak om klimarekneskap for kommunen i løpet av våren 2019.

Forslag frå **Michael Evans, SV:**

Eiendomsskatt skal inføres fra 2020

Bygging av svømmehallen starter i 2020

Kr 150 000 avsettes til frukt og grønt i skolene

Rådmannen utarbeider nytt budsjett med disse som forutsetning.

Justering frå rådmannen s 8 i "prisar 2019"

Billettprisar offentleg bading - 30 kr for barn, 55 kr for vaksne blir endra til

Billettprisar offentleg bading - 40 kr for både barn og vaksne

Michael Evans ba om gruppemøte som vart halde.

Avrøysting:

Pkt. 1 - 11: Framlegget frå FSK vart vedtatt med 26 mot 1 røyst (SV).

Pkt. 12: Framlegget frå FSK vart vedtatt med 20 mot 7 røyser (SV, 2 Ap 4 Sp).

Pkt. 13: Framlegget frå FSK vart vedtatt med 26 mot 1 røyst (Sv).

Fellesforslaget frå Lars Enevoldsen vart samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Anne Helen Eide vart vedtatt med 24 mot 3 røyser (3 FrP).

Forslaget frå Michael Evans fekk 3 røyser og falt (1 Ap, Sv, MdG).

Rådmannen sin justering vart samrøystes vedtatt.

KS-073/18 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022 med endringer.
2. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2019.
3. Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyret som Stortinget vedtek.
4. Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:

	31.12.2018	Nye	Redusert	31.12.2019
Oppvekst	563,1	6,2	-5,0	564,3
Omsorg	376,1	18,1	-4,4	389,8
Samfunn	180,4	1,2	-3,1	178,5
Stabstenester	62,8	0,5		63,3
Årsverk i alt	1 182,4	26,0	-12,5	1 195,9

5. Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget «Prisar 2019» med unntak av gebyr for plan og byggesaker som blir auka med 5 % istaden for 20 %. Time kommune må søke effektivisering, helst i planavdelingen, slik at gebyra over tid kjem på nivå med nabokommunar det er naturleg å samanlikne seg med"
6. a) Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån på 110,1 millionar kroner i 2019. Avdragstida vert sett til 30 år.
b) Rådmannen får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 25 millionar kroner for 2018. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.
7. a) Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2019 vert sett av til disposisjonsfond.
b) Amortisert premieavvik for 2018 vert utgiftsført i 2019 og dekt av disposisjonsfondet.
8. Time kommune skal stå fram som ein trygg og framtidretta kommune. Service, innovasjon og engasjement skal prega organisasjonen slik at kommunen kan tilby tenester med rett kvalitet innanfor trygge økonomiske rammer.
9. Symjehallen blir flytta fram til oppstart i 2021.
10. Gågate blir utsett til 2022.
11. Frøyland IL får rest av kommunalt tilskot lik spelemidlar, 750 000 i 2020 og resterande beløp i 2021.
12. Time kommune innfører halv pris på parkering for elbilar på app snarast mogleg, men seinast våren 2019. Pegane tek ein frå auka budsjettering på parkering. Oppgradering av parkeringsautomater skjer ikkje før endeleg sentralt vedtak i 2019.
13. Time kommune aukar støtta til "Alle med" i Rosseland Ballklubb med kr 100 000. Pegane tek ein frå lønnsreserven.
14. Budsjetttrabatt for foreiningar og lag ved leie av Storstova, aukast med 100` frå 200 til 300`. Inndekning skjer ved at lønnsreserven blir redusert tilsvarande.
15. Time kommunestyre ber om å få framlagt ei sak om klimarekneskap for kommunen i løpet av våren 2019.
16. Billettprisar offentleg bading - 40 kr for både barn og vaksne.

ÅRSBUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022

SAKA GJELD

Rådmannen legg med dette fram forslag til årsbudsjett for 2019 og økonomiplan for perioden 2019-2022 til politisk behandling.

Inntekts- og utgiftsrammene fastsatt i årsbudsjettet for 2019 er bindande for ressursbruken i kommunen. Rammene i økonomiplanperioden er rettleiande for den komande planlegginga.

Tiltak for 2019 er bindande slik dei kjem fram i tekstdelen, og dei skal følgjast opp av administrasjonen når økonomiplanen er vedtatt.

SAKSOPPLYSNINGAR

Økonomiplanen er det viktigaste økonomistyringsverktøyet som dei folkevalde har. Innanfor bestemte rammevilkår skal vedtatt økonomiplan gi uttrykk for dei politiske prioriteringane som administrasjonen skal følgja opp.

Økonomiplanen skal vera handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel for 2015-2027. Økonomiplanen viser korleis kommunen vil følgja opp dei sju satsingsområda i dei kommande fire åra.

Timeplanen har i år fått eit nytt kapittel om folkehelse. Målet er å synleggjera betydinga folkehelsearbeid har for å skapa god samfunnsutvikling og setja nokre langsiktige mål for folkehelsearbeidet i kommunen. Kapittelet tek utgangspunkt i den nye folkehelseprofilen for Time kommune, som vart utarbeida i 2018. Her prioriterer kommunen arbeidet innan fem område for å løfta folkehelsa i kommunen: psykisk helse, inntektsforskjellar, skulevegar, eldreressursen og aktivitetsmangfald. Alle mål og tiltak som er relaterte til dei fem prioriterte områda, i dei enkelte kapitla, er merka med «Folkehelse».

Kapittelet om folkehelse har òg fått eit eige delkapittel om barnefattigdom. Kommunestyret etterspurte meir rapportering om kommunen sitt arbeid mot barnefattigdom i behandlinga av årsmeldinga for 2017. Rådmannen ønskjer derfor å synleggjera dette arbeidet både i økonomiplanen og i framtidige årsrapportar.

I økonomiplanen er det lagt vekt på at tiltak for 2019 skal vera utforma slik at måloppnåing kan evaluerast i tertialrapportar og årsrapporten. Plandokumentet skal òg gje innsikt i kva grad politiske vedtak og prioriterte planvedtak vert følgde opp i denne økonomiplanen.

I kapittel 9 går det fram kva brukarundersøkingar som er planlagt gjennomført den kommande fireårsperioden. Det vert gitt status for dei planoppgåvene som er prioritert i planstrategien for 2015-2019. Til slutt i kapitelet kjem ei oversikt over interkommunale samarbeid som Time deltek i.

Dei handlingsplanane som kommunestyret må vedta for at administrasjonen skal kunna

søkja om tilskot, inngår som delplanar i kapittel 8.3 og 8.4.

Satsar for brukarbetaling og gebyr er samla i vedlegget «Prisar 2019».

Som vedlegg følgjer òg vedtaket i kontrollutvalet den 03.09.2018 som gjeld budsjett for kontroll og tilsyn 2019.

Rådmannen vonar at Timeplanen for 2019-2022 vil gje eit godt grunnlag for politiske prioriteringar og retningsval.

Rådmannen i Time, den 25.10.2018

Trygve Apeland

Vedlegg:

Økonomiplan 2019-2022

Prisar 2019

Budsjettforslag kontroll og tilsyn 2019

Time kyrkjelege fellesråd sine innspel til økonomiplan 2019-2022

Svar på spørsmål knytt til økonomiplan 2019 - 2022

Innstilling frå formannskapet

Notat om konsekvensar av budsjettavtale på Stortinget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur

